Osa

GODVÊRSTEIKN OG GÅTE

SOLSKINSTJØRNI i Osa, like ovanfor garden Haugen i Norddalen, dukkar berre opp av og til, tilsynelatande alltid før ein godvêrsperiode. Så blir ho brått borte, men forsvinningsnummeret er uavhengig av vêrtilhøva.

Når Solskinstjørni er full, dekkjer ho eit areal på ca. 200 m². Djupna er ein meter på det meste. Tjørna og utløpsbekken kan dukka opp til alle årstider, også midtvinters. Periodane med vatn, 3–4 døgn er vanleg, er likevel mykje kortare enn periodane når tjørna og bekken er tomme. Dei som vandrar på stigen innover Norddalen om sommaren, vil oftast ikkje sjå andre spor etter dette gåtefulle naturfenomenet enn ei frodig, graskledd grop. Tjørna ligg slik til at ho heller ikkje kan sjåast frå garden, derfor finst det ikkje systematiske registreringar av periodane med og utan vatn.

Gåta er ikkje heilt uløyseleg. Studiar viser at vasstilførsla kjem frå éi eller fleire grunnvasskjelder inne i Osanuten, som reiser seg rett aust for tjørna. Det synest òg å vera klarlagt at periodane med vasstilførsel til tjørna berre i liten grad er styrte av nedbørsmengdene. Sjølv om det har regna i fleire veker i strekk, lèt ikkje tjørna seg pressa. Stigande barometerstand med påfølgjande godvêr gjer derimot inntrykk, men ikkje alltid nok til at vatnet stig til ei tjørn.

Like sidan Solskinstjørni først gong vart omtala i bladet Hermoder i 1824, har det vore lansert teoriar om årsakene til dette fenomenet, men ingen kan seiast å vera fullgode. Truleg er løysinga på gåta at fleire hydrologiske, meteorologiske og geologiske faktorar verkar i kombinasjon. Osanuten må i alle fall innehalda mykje grunnvatn og ha nok holrom som vatnet kan samlast i. Noko av dette grunnvatnet blir tappa på flasker frå kjelder på sørsida av fjellet og selt som Osa Mineral Water.

Osa i 1920-åra. Ovanfor husa som ligg lengst til høgre framom den store ura inne i dalen, finn vi Solskinstjørni (t.h.). Tjørna ligg litt oppe i bakken, ved foten av ura. (Anders P. Wallevik)

Stølen Ossete i fjellet innanfor Norddalen. Her går stigen frå Osa til Hallingskeid – ein av dei vakraste fotturane på Vestvidda. (Svein Nord)



Lars Gunnar Polden

VARMEKJÆR FLORA

I indre delen av OSAFJORDEN stuper fjellsidene nesten tusen meter rett i fjorden. Den tronge fjorden gjer stupa ekstra dramatiske. Stabil jord er det ikkje særleg rom for i brattlendet, det er svaberg og steinur som dominerer landskapet. Under slike tilhøve er det vanskeleg for skogen å finna feste. Dermed får sola godt tak i bakken. Fordi fjordsida vender mot sør og søraust i eit område med varmare sommarklima enn det som er vanleg på våre kantar, blir det både varmt og tørt i skråningane. Her trivst derfor ei rekkje varmekjære artar som helst finst på Austlandet Ⓣ118*). Knapt nokon annan stad i fylket veks det så mykje bergmynte (t.v.), tjøreblom, mørk kongslys (t.h.) og andre artar knytte til tørre berg og bakkar. Beste tida å sjå denne floraen på er tidleg på sommaren, før midten av juli. Då prydar dei fargerike blomane vegkantane i Osa.*
På seinsommaren har plantene gjerne visna, spesielt i tørre år. (Foto: Bjørn Moe)

bergmynte
burot
filtkongslys
gulmaure
kransmynte
kvitbergknapp
mørk kongslys
piggstorr
raudkjeks
raudknapp
stor gjeldkarve
stormaure
sølvmure
tjøreblom
vårpengeurt